



Kyrkjekoret Nordsang song salmar og friske tonar på Fjelbergstemne i regi av Misjonsalliansen.

**Fjelbergstemne i regi av Misjonsalliansen vart skipa til 2. pinsedag på Fjelbergøy for 40. gong. Hans Olav Tungesvik var lenge drivkrafta. Etter hans død held misjonsstemna fram med prosten i Sunnhordland som leiar. Kyrkjekoret Nordsang var med på stemne og song i to økter, både i gudstenesta og på ettermiddagsmøte.**

Misjonsalliansen vart skipa på Fjelberg i 1886 av Ludvig Eriksen. Han kom frå Oslo, men budde på Fjelberg i ein vanskeleg periode i livet hans. Her fekk han inspirasjonen til internasjonalt misjonsarbeid. Ein sentral person i Misjonsalliansen på 1970 talet var John Olav Larsen med sine samlingar kvar sommar på Justøya Camping.



Mannsgruppa Bakmennene song *Åndeleg sjømannssong* av Jakob Sande.

Nordsang med sin musikalske leiari, Eva Megyesi, song salmar frå tema Pinse. Den meste kjende er Grundtvig salmen *Kjærlighet er lysets kilde*. Ein annan pinsetekst er mellomalderbøna *Verni Sancte Spiritus* eller på norsk: *Heilag Ande kom til oss*.

Mannsgruppa Bakmennene framførte Jakob Sande sin tekst *Åndeleg sjømannssong*. Teksten er henta frå den siste diktsamlinga Sande gav ut, *Det kveldar på Kobbeskjer* ( 1961 ). Tonen, laga av Roar Goksøyr, er frisk og fengjande.

Kantoren var organist og hadde all tonefylgje på heile stemne.

Misjonsstemne var for nokre ei ny oppleving. På 1950 og 1960 talet er det mange som minnst misjonsstemne i Uskedalen, på Fjellandsbø og på Ljosnes.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Monica Aakre/Pål Dahle



Kantor Eva Megyesi i gudstenesta, men også med alt tonefylgje på ettermiddagsmøte.